



Statens kartverk  
Postboks 600 Sentrum  
3507 Hønefoss

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8027 - 23/15267

Saksbehandlar:  
Morten Mangerøy Helland  
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:  
24.02.2023

## Melding til tinglysing av arealoverføring mellom gbnr. 220/2 og 220/9

Vedlagt føl melding til tinglysing i to eksemplar for tinglysing av arealoverføring mellom gbnr. 220/2 og 220/9 i Alver kommune.

Vedlagt føl og erklæring om arealoverføring i to eksemplar, samt kopi av vedtak om innvilga konsesjon for overtaking av arealet.

Det er lagt ved kopi av brevet «Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast»

Avgiftsgrunnlaget er no satt likt som kjøpesummen på kr. 103 025,-

Eg har beskreve dei andre manglande nedanfor i brevet og kvifor me meiner at nemnte rettigheterar ikkje har betydning og ikkje vil verte påverka av arealoverføringa. Eg legg og ved ein del vedlegg som dokumentasjon på kvifor me meiner dette.

**Dokumentnummer 900117 tinglyst 26.05.1931.** Dette er eit skyldskifte med diverse rettar/pliktar.

**Naustrett:** Naustretten er beskreve med «grenseforløp». Plasseringa er beskreve 7 og 10,7 meter og «ut i sjø» ved bygdevegen som ligg ved sjø. Denne plasseringa (sjøen) er meir enn 1000 meter vekk frå arealet som no skal arealoverførast. Me kan derfor ikkje sjå at dette skal ha betydning eller at retten kan verte påverka av arealoverføringa.

**Forkjøpsrett:** Det ligg ein forkjøpsrett for det nye bruket registrert i dokumentet, dette er ein rett der ein person (Nils O. Urdal?) har forkjøpsrett til å kjøpe det nye bruket som har gbnr. 220/9. I denne arealoverføringa gjer ikkje gbnr. 220/9 i frå seg noko areal, men mottar

areal. Me kan ikkje sjå at dette skal ha negativ betydning for denne retten, og meiner dermed at denne retten ikkje har betydning for arealoverføringa.

Vegrett og rett til lager og lasteplass ved sjøen, denne retten er avlyst med tinglyst dokument nummer: 1990/4899-1/51. Har heller ingen betydning for arealoverføringa.

Punkt 10 i skyldskifte beskriv ein rett til grunn. Denne retten er beskrevet på «Urdal sæteren» Som beskrevet lenger nede i forbindelse med Dokumentnummer 3408394 tinglyst 30.11.2020, ligg urdalssæteren oppe i fjellet langt frå arealoverføringa. Det ligg ved kart som viser dette. Me ser ikkje at dette har betydning for arealoverføringa, eller at retten kan verte påverka av saka.

Resterande rettar i skyldskifte er, beiterett, vegrett, rett til kraft, gjerdeplikt. Me ser ikkje at dette har betydning for arealoverføringa.

Eg legg ved heile skyldskifte samt utklipp av det me ser på som viktig og som eg har forklart over.

**Dokumentnummer 8756 tinglyst 20.09.2005.** Dette er ein rettighet til utvidelse av eksisterande steinbrudd samt framføring av veg. Dette er ein rettighet som den gang «Oster pukk og sand A/S» med organisasjonsnummer 932307952 fekk. Etter namnebytte er organisasjonsnummer 932307952 i dag DC Eikefett aggregates AS, som har overtatt arealet som er beskrevet i avtalen og eig heile 220/2 i dag. Me ser ikkje at denne rettigheten vert påverka av arealoverføringa då det er rettighetshavar sjølv som søker om arealoverføringa til gbnr. 220/9 i denne saka. Rettigheten gjeld det arealet som er regulert til næring/steinbrudd. Arealet som vert overført i denne saka er regulert som LNF.

Eg legg ved kopi av rettigheten.

**Dokumentnummer 3408394 tinglyst 30.11.2020.** Dette er ein rett til å setje opp eit uthus med maksimal grunnflate på 8m<sup>2</sup> i tilknytning til gbnr. 220/17. Gbnr. 220/17 er ein støl oppe på Store urdalssætra, som ligg over 3000 meter i luftlinje frå arealoverføringa. Det er ikkje rimeleg at eit uthus som skal vera i tilknytning til gbnr. 220/17 vert satt opp over 3000 meter og 400-500 høgdemeter vekk frå eigedomen. Me ser derfor ikkje at denne rettigheten påverkar arealoverføringa, eller at retten kan verte påverka av saka.

Eg legg ved kopi av rettigheten og kart som viser kvar sætra er.

Med helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

innvilga konsesjon  
2 stk erklæring om arealoverføring  
melding til tinglysing  
Dokumentene har manglar og kan ikkje tinglysast  
Forkjøpsrett  
Kart sjø  
Kart sæter  
Nausterett  
punkt10  
Regulering  
Rettighet 2005  
Rettighet 2020  
Skyldskifte 220-9

**Mottakarar:**

Statens kartverk

Postboks 600  
Sentrum

3507

Hønefoss